

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Joakim Sletta	Arkiv:	K2-M40, K3-&10
Arkivsaksnr:	16/295 21/12081		

Godkjenning av forprosjekt og vidare samarbeid om Kvasnes avløpsreinseanlegg

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Fagutval for teknisk område	02.06.2021	013/21
Formannskapet	08.06.2021	047/21
Kommunestyret	22.06.2021	045/21

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner forprosjektet slik det er framlagt, og vedtek at ein går vidare med detaljprosjektering av eit felles avløpsreinseanlegg i fjell på Kvasnes.
2. Kommunedirektøren jobbar vidare med utgreiing av eigarskapsmodell/korleis samarbeidet mellom Ålesund kommune og Sula kommune skal avtalefestast.
3. Prosjektkostnaden (P50) vert vedteke som prosjektet si styringsramme og skal leggest inn i budsjettplan/økonomiplan i samsvar med avtalt fordelingsnøkkel mellom kommunane. I tillegg skal det settast av ei usikkerheitsavsetning på 25 prosent som ikkje kan brukast av prosjektet utan at det vert gjort særskilt vedtak av kommunestyret.

Tittel	Dok.ID
Brev til Statsforvaltarane frå Miljødirektoratet Mai 2020	525142
Tilbakemelding på årsrapporten 2020 for Sula kommune	525141
Tilbakemelding på årsrapporten 2020 for Ålesund kommune	525145
Samandragsrapport Kvasnes RA med overføringsanlegg - feil versjon	525048
Forprosjektrapport Kvasnes RA	525038
Forprosjektrapport Kvasnes RA Vedlegg 1-7 samla	525036
Forprosjektrapport Kvasnes RA Vedlegg 8-13 samla	525037
Forprosjektrapport Kvasnes RA overføringsledninger	525039
Luktspredningsanalyse Kvasnes RA	525042
Straummålingsrapport Kvasnes RA	525046
Konsekvensutgreiing av marint naturmangfald Kvasnes RA	525041

Tittel	Dok.ID
Gebyrsimulering og saksutgreiing scenarioer Envidan	525040
Notat om eierskapsstruktur Kvasnes RA	525137
Oppgradering av eksisterende anlegg – notat Ålesund kommune	525043
Nytt Sunde RA - notat Sula kommune	525047
Alternativsvurdering – trafikklysmatrise	525044

02.06.2021 Fagutval for teknisk område

Administrasjonen ved prosjektleiar for forprosjekt, Elin M. Nerem (Ålesund kommune), og prosjektleiar for regulering, Joakim R. Sletta (Sula kommune), orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 4 mot 3 stemmer. Følgande stemte mot Kommunedirektøren si innstilling: Kjell Petter Dyb (Frp), Øystein Båtnes (Frp) og Magne Sunde (Sulalista)

TEO-013/21 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner forprosjektet slik det er framlagt, og vedtek at ein går vidare med detaljprosjektering av eit felles avløpsreinseanlegg i fjell på Kvasnes.
2. Kommunedirektøren jobbar vidare med utgreiing av eigarskapsmodell/korleis samarbeidet mellom Ålesund kommune og Sula kommune skal avtalefestast.
3. Prosjektkostnaden (P50) vert vedteke som prosjektet si styringsramme og skal leggst inn i budsjettplan/økonomiplan i samsvar med avtalt fordelingsnøkkel mellom kommunane. I tillegg skal det settast av ei usikkerheitsavsetning på 25 prosent som ikkje kan brukast av prosjektet utan at det vert gjort særskilt vedtak av kommunestyret.

08.06.2021 Formannskapet

På starten av behandlinga vart det orienterte om at det i saksdokumentet og i avsnittet om "Bakgrunn for saka", er det ein feil i sitert vedtak frå behandlinga av saka i Sula kommunestyre i møte 03.05.2018, jf K-sak 026/18.

Rett vedtak er: «Sula kommunestyre vedtek å fortsette samarbeidet med Ålesund kommune om eit felles fjellanlegg på Kvasnes med sekundærrensing. Dette ut frå både miljømessige og økonomiske omsyn.»

Vidare vart det påpeikte at det fredag 04.06. vart ettersendt ein e-post til formannskapet inkl. 1. og 2. vara med eit notat "feil tal i samandragrapport og saksframstilling". Notatet innehaldt oppdatert tabell 7-3 og 7-4 i samandragrapporten frå Asplan VIAK i forhold til dei to forprosjektrapportane for avløpsreinseanlegget og overføringsanlegget dei har utarbeidd. Revidert samandragrapport, versjon 02 pr 03.06.21 låg også ved.

Prosjektleiar Elin Nerem og lokal prosjektansvarleg / saksbehandlar Joakim Risjord Sletta informerte innleiingsvis.

Det vart svart på ulike spørsmål frå formannskapsrepresentantane.

Ved avstemming vart kommunedirektøren si innstilling tilrådd med 4 mot 3 stemmer (FrP og Vibeke Bjørkavåg, H).

F-047/21 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner forprosjektet slik det er framlagt, og vedtek at ein går vidare med detaljprosjektering av eit felles avløpsreinseanlegg i fjell på Kvasnes.
2. Kommunedirektøren jobbar vidare med utgreiing av eigarskapsmodell/korleis samarbeidet mellom Ålesund kommune og Sula kommune skal avtalefestast.
3. Prosjektkostnaden (P50) vert vedteke som prosjektet si styringsramme og skal leggest inn i budsjettplan/økonomiplan i samsvar med avtalt fordelingsnøkkel mellom kommunane. I tillegg skal det settast av ei usikkerheitsavsetning på 25 prosent som ikkje kan brukast av prosjektet utan at det vert gjort særskilt vedtak av kommunestyret.

22.06.2021 Kommunestyret

Kommuneadvokat Reidar Andresen deltok på starten av behandlinga av saka, knytt til habilitetsspørsmåla.

Olav Bjarne Skodje (FrP) orienterte om at han uansett ville bedd om å få vurdert habiliteten sin, men at administrasjonen hadde innhenta vurdering i forkant. Foreldra hans bur og eig Fabrikkvegen 8, dei har mottatt varsel om oppstart av planarbeid for regulering av renseanlegg, og er følgeleg part i saka. Han vart då vurdert inhabil etter Forvaltningslova § 6 første ledd.

Han meiner at det har vore sagt og skrive i rapportane at alternativ A ikkje er eigna og at ein vil gå vekk frå alternativ A, og at dette alternativet såleis kanskje allereie burde ha vore tatt vekk av saka. Poenget hans er at om alternativ A hadde vore vekke, så ville saka ikkje hatt positive eller negative økonomiske konsekvensar for foreldra, og han då ville vore habil. Dette må kommunestyret ta stilling til.

Det andre punktet han tok opp var, med henvising til kva administrasjonen hadde skrive til kommuneadvokaten: «Vidare kan vi informere om at han har vore ein aktiv debattant i saka, bl.a. innlegg i «Politikarstafetten» i Sulaposten 27.05.21 og Sulaposten 10.06.21 der ein kan setje spørsmålsteikn ved om han har sett seg godt nok inn i saka og følgeleg kan bli å rekne som partisk, jf Fvl § 6 (2): «likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans partiskhet; bl.a. skal legges vekt på om avgjørelsen i saka kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som har nær personlig

tilknytning til». Dette vil kunne svekke tilliten til at Sula kommune klarer foreta nøytrale vurderingar i saka.» Dette hadde ikkje blitt vurdert sidan han vart vurdert inhabil etter Forvaltningslova § 6 første ledd.

At FrP har vore negative til felles renseanlegg på Kvasneset har vore kjent i lang tid, bl.a. gjennom sist val. Dette er ei viktig prinsippsak for oss. Han har signert på vegne av FrP og dette er noko heile gruppa stiller seg bak. Kan ikkje sjå at dette gjer at det ligg føre økonomisk motiv eller konsekvens for nokon han er slekt med, og ber kommunestyret vurdere dette.

Eln Elise Stamnæss (SUL) bad om å få vurdert habiliteten sin då ho bur i Kvasnesvegen 106 og er part i saka (har mottatt varsel om oppstart av planarbeid for regulering av reinseanlegget).

Begge gjekk frå.

Møtande vara Gry Eva Røbekk (FrP) og Ranveig Bremnes (SUL) kom til.

Administrasjonen orienterte om bakgrunnen for at dette med “å vere ein aktiv debattant i saka” vart tatt opp. Etter den dialog som har vore med kommuneadvokat og dei erfaringane ein har innhenta frå andre, så er ikkje dette relevant.

Administrasjonen har innhenta vurdering av habiliteten til dei to. Vurderinga er at:

- Olav Bjarne Skodje sine foreldre bur i området og er part i saka, jf forvaltningslova § 2 bokstav e, og at han pga det nære slektskapet er inhabil, jf forvaltningslova § 6 første ledd bokstav b.
- Eln Elise Stamnæss fordi ho er bebuar i området, direkte berørt og dermed blir sett på som part i saka, jf forvaltningslova § 2 bokstav e, og dermed inhabil etter forvaltningslova § 6, første ledd bokstav a.

Saksbehandlar bekrefta at alternativ A framleis ikkje er utelukka. Det er korrekt at A er vurdert som for teknisk krevande å gjennomføre, men det saka no omhandlar er teknisk prosjektløysing, utforming av fjellhall og det utanfor. Dette med geografisk plassering av anlegget vil bli handtert i reguleringsplansaka som skal opp til hausten. Den er enda ikkje konkludert, bl.a. fordi konsekvensutgreiingane framleis er under arbeid.

Kommuneadvokat Reidar Andresen orienterte om sine vurderingar.

Ved avstemming vart:

- Olav Bjarne Skodje samrøystes kjent inhabil
- Eln Elise Stamnæss samrøystes kjent inhabil

Øystein Båtnes (FrP):

Grunna dei usikre økonomiske og miljømessige utredningane i forprosjektet har vi følgende forslag til vedtak:

«Sula kommunestyre vel å ikkje gå vidare med planane om eit nytt felles reinseanlegg saman med Ålesund på Kvasnes og ber kommunedirektøren ta fram igjen vedtaket i K-039/12 som grunnlag for vidare planlegging av aulapsløyvingar for Sula. Vidare blir det sett krav til at reinseanlegga skal ha sekundærrensing slik at dei stettar framtidige krav om reinsing.»

Michelle Busæt (SV) - fellesforslag fra Ap, V / MDG, SV, KrF og 2 representanter fra Høyre (Christian Birkeland og Jan Arne Sletta):

1. Kommunestyret godkjenner forprosjektet slik det er framlagt, og vedtek at ein går vidare med detaljprosjektering av eit felles avløpsreinseanlegg i fjell på Kvasnes. Som ein del av detaljprosjekteringa, skal ein uavhengig forskingsinstitusjon vurdere det foreslåtte utsleppspunktet opp mot to alternativ med formål om å oppnå minimal miljøpåverknad ved val av utsleppspunkt. Vurderinga skal bygge på eksisterande straummodellar og -data.

2. Kommunedirektøren jobbar vidare med utgreiing av eigarskapsmodell og korleis samarbeidet mellom Ålesund kommune og Sula kommune skal avtalefestast.

3. Prosjektkostnaden (P50) vert vedteke som prosjektet si styringsramme og skal leggst inn i budsjettplan/økonomiplan i samsvar med avtalt fordelingsnøkkel mellom kommunane. I tillegg skal det settast av ei usikkerheitsavsetning på 25 prosent som ikkje kan brukast av prosjektet utan at det vert gjort særskilt vedtak av kommunestyret.

4. Sula kommunestyre er bekymra for konsentrasjon av miljøgifter og tungmetall i eit så stort fellesanlegg, og ber om at prosjektleiinga og statsforvaltaren har eit spesielt fokus på dette ved utforming av renseprosess og ved vurdering av utsleppsløyve. Det må leggst fram ein plan med tiltak for å avgrense utslepp av miljøgifter og tungmetall på Kvasneset.

Ved avstemming vart fellesforslaget sett opp mot Frp:

Vedtatt med 16 mot 13 stemmer (Frp, Magne Sunde og Ranveig Bremnes (SUL) og Vibeke Bjørkavåg og Nils Erik Bjørkavåg (H)).

Vara Gry Eva Røbekk (FrP) og Ranveig Bremnes (SUL) gjekk frå og Olav Bjarne Skodje (FrP) og Eln Elise Stamnæss (SUL) kom til.

K-045/21 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner forprosjektet slik det er framlagt, og vedtek at ein går vidare med detaljprosjektering av eit felles avløpsreinseanlegg i fjell på Kvasnes. Som ein del av detaljprosjekteringa, skal ein uavhengig forskingsinstitusjon vurdere det foreslåtte utsleppspunktet opp mot to alternativ med formål om å oppnå minimal miljøpåverknad ved val av utsleppspunkt. Vurderinga skal bygge på eksisterande straummodellar og -data.
2. Kommunedirektøren jobbar vidare med utgreiing av eigarskapsmodell og korleis samarbeidet mellom Ålesund kommune og Sula kommune skal avtalefestast.
3. Prosjektkostnaden (P50) vert vedteke som prosjektet si styringsramme og skal leggest inn i budsjettplan/økonomiplan i samsvar med avtalt fordelingsnøkkel mellom kommunane. I tillegg skal det settast av ei usikkerheitsavsetning på 25 prosent som ikkje kan brukast av prosjektet utan at det vert gjort særskilt vedtak av kommunestyret.
4. Sula kommunestyre er bekymra for konsentrasjon av miljøgifter og tungmetall i eit så stort fellesanlegg, og ber om at prosjektleiinga og statsforvaltaren har eit spesielt fokus på dette ved utforming av renseprosess og ved vurdering av utsleppsløyve. Det må leggest fram ein plan med tiltak for å avgrense utslepp av miljøgifter og tungmetall på Kvasneset.